

Alsaker Fjordbruk AS  
Stekkeviksvegen 42  
5917 ROSSLAND

Helge Daae

Vår dato: 12.03.2014  
Vår ref.: 201401465-1  
Arkiv: 317  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Ole Per Schei  
22959531  
ops@nve.no

## Alsaker Fjordbruk, avd Meland - Rapport frå tilsyn 26.2.2014

Vi viser til tilsyn på Alsaker Fjordbruk A/S sitt anlegg i Meland 26.2.2014.

Tilsynet var organisert som ein ikkje varsla inspeksjon, knytt til vilkåra i løyvet til regulering og uttak av vatn frå Rylandsvassdraget datert 7.9.2001.

Deltakarar: Helge Daae, Alsaker Fjordbruk A/S, Katarina Eftevand og Ole Per Schei, NVE.

Konsesjonæren vart kontakta ved NVE sitt oppmøte på staden og vart gjort kjend med føremålet med inspeksjonen. Saman med representant for konsesjonæren, Helge Daae, vart det gjennomført inspeksjon av inntaket i Bjørndalsvatnet/Rylandsvatnet og av reguleringsanlegget i Storavatnet. I Storavatnet er det løyve til ei reguleringshøgde på 1,31m, slik:

Regulering	HRV kote 11,44 (11,14)
	LRV kote 10,13 (9,83)

Inspeksjonen viser ein vasstand i Storavatnet på HRV og med overløp. Observasjonen samsvarar med framlagd loggedata og dokumenterer at verksemda, på inspeksjonsdagen, driftar reguleringa i samsvar med løyvet.

NVE minner elles om forskrift om internkontroll for vassdragsanlegg (FOR 2011-10-28 nr 1058, IK-vassdrag) som vi føreset vert stetta.



Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Ole Per Schei  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.*

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG